



DEN NORSKE KYRKJA

Sirdal sokn

Postboks 133
4441 TONSTAD
Tlf: 38 37 16 00

Sirdal kommune v/rådmannen
Rådhuset
4440 Tonstad

18.10.2019
Vår sakshandsamar: ybs
Vår ref.: 19/00034-001
Arkivkode: 11

Budsjettsøknad til Sirdal kommune 2020 – Sirdal sokneråd

Alle tall eks. mva.

Vi sender med dette over budsjettframlegg frå Sirdal sokneråd 2020 med økonomiplan for 2020-2023. I budsjettframlegget for 2020 er det lagt opp til ein auke i løyvingane frå kommunen på 3,1% (deflator). KLPs prognose for lønsveksten er 3,5%. Så langt vi veit pr i dag, vil pensjonskostnadene auke samanlikna med 2019.

Drift/kommunale overføringer:

For å få budsjettet i balanse, ber soknerådet om kr 3.376.000 i kommunale overføringer til drift for 2020. Soknerådet har selvfølgelig ikke lagt til kr. 200.000 som kommunen reduserte kirkas budsjett med for inneværende regnskapsår, 2019. Alle avdelinger i kommunen måtte spare penger.

Vi er ein liten eining som ikkje har mykje å gå på. Det er viktig for soknerådet å kunne oppretthalde 100 % stillingar som kontor, kyrkjelydsarbeidar og kyrkjeverje/dagleg leiar, både med tanke på rekruttering og dei oppgåvene desse stillingane har i lokalsamfunnet.

Vedlikehold kyrkjebygg:

I tillegg søker soknerådet om kr 200.000 i 2020 til vidareføring av vedlikeholdstiltak på kyrkjebygga slik det har vert gjort siste åra. Dette for å følgje opp vedlikehaldsplanen vi har for kyrkjebygga.

Investeringar:

I tillegg søker soknerådet om kr. 210.000 til investeringar, automatisk ringeanlegg(universell utforming) i Kvævemoen kapell. Det kan medføre helseskade å ringe med klokka. Det er svært tungt for skuldre og nakke.

Kyrkjesenter:

Ytterligere 1 mill.

Kommunen har bevilga kr. 2,0 mill. til bygging av kyrkjesenteret. Når dette står ferdig vil det være nødvendig å auke kommunens tilskudd til fellesrådet til drift av kontor. Dette vil gi soknerådet garanti for låneopptak på 1 mill.

Kontortilhøva vi har i dag ikkje tilfredstillande verken for dei tilsette eller for publikum som kjem hit i til dømes sørgesamtale, dåpssamtale eller i samband med tenester knytt til gravplassene.

Vedlagt denne søknaden følgjer budsjettnotat og økonomiplan 2020-2023.

Venleg helsing

Yngve Bjørn Søyland
Kyrkjeverge / dagleg leiar



DEN NORSKE KYRKJA

Sirdal sokn

Økonomiplan for kyrkja 2020 - 2023

Beløp eks. mva

Stad-tiltak / år /drift vedlikehald	2020	2021	2022	2023	Totalt
Haughom					
Vedlikehald av dører/vinduer	50 000				50 000
Måling utvendig av heile kapellet, vask		250 000			250 000
Sum Haughom	50 000	250 000	0	0	300 000
Tonstad					
Måling utvendig av heile kyrkja, vask	340 000				340 000
Måling utvendig av Kyrkjestova	60 000				60 000
Innvendig måling	50 000				50 000
Sum Tonstad	450 000	0	0	0	450 000
Lunde					
Sum Lunde		0		0	
Kvævemoen					
Måling, repr. av grunnmur	100 000				100 000
Nye varevindu u.etg.	250 000				250 000
Sum Kvævemoen	350 000	0	0		350 000
Felles for kyrkjene, drift					
Takettersyn vedlikehold			40 000		40 000
Sum felles for kyrkjene, drift	0		40 000	0	40 000
Summer alle kyrkjer/kapell	850 000	250 000	40 000	0	1 140 000
Gravplassane, investering					
Vatningsanlegg og drenering ved Kvævemoen kapell. UTREDES		260 000			260 000
Vatningsanlegg Haughom. UTREDES			290 000		290 000
Sum gravplasser		260 000	290 000		550 000

Inverstering, kirker/kapell

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Haughom kapell					
Varmepumpe, UTREDES		75 000			75 000
Aut. Ringeanlegg med ny klokke. HMS tiltak					
Inkl. ny klokke i tårnet,		270 000			270 000
Sum Haughom kapell		345 000			345 000
Tonstad kyrkje					
Varmepumpe	75 000				75 000
Sum Tonstad kyrkje	75 000				75 000
Lunde kyrkje					
Aut. Ringeanlegg. HMS tiltak			230 000		230 000
Utvendig trapp/rampe/rekkverk UU	60 000				60 000
Sum Lunde kyrkje	60 000		230 000		290 000
Kvævemoen kapell					
Prosjektor - lerret kirkerom	50 000				50 000
Aut. Ringeanlegg. HMS tiltak	210 000				210 000

Varmepumpe, utredes				75 000	75 000
Sum Kvævemoen kapell	260 000			75 000	335 000
Sum investeringer kyrkjer/kapell	395 000	345 000	230 000	75 000	1 045 000
Nytt kyrkjesenter investering					
Nybygg kontor- og konfirmantlokaler	400 000	1 600 000	1 000 000		3 000 000
Sum investering nytt kyrkjesenter	400 000	1 600 000	1 000 000		3 000 000

Budsjett 2020

A Sirdal sokneråd

Soknerådet har følgjande samansetning:


Aud Ingrid Fidjeland (leiar), Gunnlaug Seland (nestleiar), Ingunn Berstad Tonstad, Tor Arne Liland, May Bente Øksendal Ousdal og Hanne Birgitte Fodstad, Rolf Eriksen (sokneprest), 1. vara: Einar Samslått og 2. vara Mari Halvorsen, Egil Netland har sittet som representant for Sirdal kommune.

Det er valt nytt sokneråd. Det nye rådet har konstituert seg og tiltrer 1. november 2019. Det har følgjande samansetning: Medlemmer: Gunnlaug Seland (leiar), Hanne Fodstad (nestleiar), Ingunn Berstad Tonstad, Siri Elisabeth Skagestad, Trine Røsstad Ousdal og Are Yngvar Myhra. Soknepresten er fast medlem. Varamedlemmer: Gunn-Siri Ousdal, Sissel Agathe Bø, Tone Marit Bjørnstad, Kenneth Omlie og Kathrine Berge Seland. Kommunen veljer nytt medlem etter Egil Netland.

B. Hovedoppgåver

Sirdal sokneråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver i Sirdal sokn, utarbeide mål og planer for den kyrkjelege verksemda i kommunen og ivareta interesser i høve til kommunen. Soknerådet har ansvar etter Kyrkjelova § 9 (Soknerådets oppgåver) og § 14 (Kyrkjeleg fellelråds oppgåver). § 9 handlar om det kristelege liv i soknet, om forkynning, sjuke og døyande skal få hjelp, døypte få tilbod om trusopplæring og samle barn og unge om gode formål. Etter § 14 har soknerådet ansvar for bygging og drift av kyrkjer og gravplassar. Arbeidsgjeveransvaret for alle kyrkjelege stillingar utanom prester ligg også her. Ein har også ansvaret for å forvalte den kyrkjelege økonomien til beste for den lokale kyrkja. Soknerådet er eit offentleg forvaltningsorgan.

C. Ressursar og organisering



Kyrkjesenteret

Organist	100 %
Kyrkjelydsarbeidar	100 %
Dagleg leiar	100 %
Reinhaldar	10,66 %

Haughom kapell

Reinhaldar	3,40 %
Kyrkjjetenar	6 %

Tonstad kyrkje

Reinhaldar	13 %
Kyrkjjetenar	27 %

Lunde kyrkje

Reinhaldar	5 %
Kyrkjjetenar	6 %

Kvævemoen kapell

Reinhaldar	5 %
Kyrkjjetenar	16 %

I tillegg kjem sokneprest i 80 % stilling og stillingsressurs til trusopplæring i om lag 20-25 % stilling. Begge desse stillingane er løna av staten over budsjettet til Agder og Telemark bispedømeråd.

Kommunale overføringar

Budsjettet er basert på same prinsipp som det kommunale budsjettet.

Soknerådet har tatt inn over seg at kommunen skal spare pengar, og enkelte planlagde prosjekter er flyttet ut i tid både i 2019 og seinare i økonomiplanperioden.

Soknerådet fikk ikkje kompensert for lønns- og prisvekst i 2019 og ble i tillegg fratrukket kr. 100.000 på 2018 tildelinga. Det ble samlet kr. 200.000 som måtte kuttes i foreslått budsjett for 2019. SSB spådde høy lønsvkst i 2019 og slik blei det.

KLPs prognose for lønsauking 2020 er 3,5% som er høgare enn for 2019, mens deflator er 3,1%.

Pensjonsutgiftene er basert på anslag frå KLP. Den høge prognosen i lønsvksten henger saman med at konjunkturoppgangen Norsk økonomi er inne i bidrar til at arbeidsmarkedet blir strammare.

Det er i soknerådet sitt budsjettframlegg budsjettert med kr 3.376.000 (lagt inn deflatorbeløpet på kr. 101.000) i kommunale overføringar. Soknerådet ber ikkje kommunen legge på igjen kr. 200.000 som de reduserte overføringene med for 2019, men ber om kr. 101.000 for å dekke inn for lønns- og prisvekst (3%) som er prognosene for 2020.

Reduserte overføringer på kr 200.000 i 2019 resulterte i kutt i flere poster, men i hovudsak gjaldt det utsettelse på løpende vedlikehold og oppgraderinger.

Med ein løyving på kr. 3.376.000 vil ein få budsjettet i balanse, og vil gjere at ein kan oppretthalde det tenestetilbodet ein har i dag.

Det er svært viktig å behalde dei stillingsressursane ein har for å kunne oppretthalde tilbodet, og for å kunne rekruttere nye medarbeidarar når nokon sluttar. Det har ved fleire høve synt seg krevjande å få besett ledige stillingar. Då er det viktig å kunne vere konkurransedyktige på løn.

Soknerådet arbeidar etter ein godkjent plan for trusopplæring i Sirdal sokn. Det kjem eit årleg statleg tilskot på i overkant av 130.000 til trusopplæring. Soknerådet nyttar store deler av dette beløpet til å styrkje stillingane som arbeidar med trusopplæring for barn og unge.

Kommunale overføringar til soknerådet, tall i 1000	2018	2019	2020
Drift	3380	3275	3376
Ekstraordinære driftstiltak vedlikehold	200	200	200
Kyrkjesenter investeringstiltak	2000		
Investeringstiltak		235	210
Kyrkjesenter nytt 0,4 + 1,6 mill		2.000	1.000

Investeringar/ekstraordinære driftstiltak

Vedlikehald i fylgje vedlikehaldsplan

For å følgje opp vedlikehaldsplanen av kyrkjene frå 2011, har soknerådet planlagt ulike prosjekt til 850.000 kroner i 2020 (noko er utsett og ein har kome på etterskot). Da er ikkje investeringane for bygging av nytt kyrkjesenter med. Soknerådet har ikkje ein tilsett vaktmeister noko som vert savna. Ein person som kan ta enklare vedlikehald av mindre omfang, dette fordi ein ikkje har stillingsressurs. Ein må difor budsjettere med marknadsprisar med innleige av eksterne firma.

Det er liten tvil om at jamleg vedlikehald i lengda er kostnadssparande.

Vedlikehaldsarbeidet bør vidareførast i 2020.

Brannsikring

Ein vil å gjennomføre termofotografering av alle fire kyrkjene i 2019 og vidare kvart fjerde år.

Automatiske vatningsanlegg Kvævemoen og Haughom

Det har lenge vore eit ønskje frå befolkninga å få automatiske vatningsanlegg også på dei to siste gravplassane, Haughom og Kvævemoen. Det er har vert eit mål å få dette til i 2020 og 2021 (oprineleg 2019 og 2020), men dette har ikkje vert mogleg. Pga kommunens anstrengte økonomi er dette foreløpig satt på vent, og det blir satt i gang meir utgreiing.

ENØK-tiltak i alle kyrkjene

Kyrkjebygga er gamle, store bygningar som krev mykje energi for å varmast opp til gravferder, vigslar, gudstenester og anna. Det er mogleg å spare både miljø, inventar og kostnader ved å iverksetje ulike ENØK-tiltak. Slike tiltak utløyser noko støtte frå Enova.

Varmestyringsanlegga som er montert i 2018 år i Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje, er eit slikt tiltak. Ein håper å ha slike kalenderbaserte varmestyringsanlegg på plass i dei to siste kyrkjene også, men tiltaket er foreløpig satt på vent (oprineleg 2017). Vidare er installasjon av varmpumper svært aktuelt, spesielt for Tonstad og Haughom. Varevindauge i Kvævemoen kapell er også eit godt ENØK-tiltak. Dei andre tre kyrkjene har dette.

Kommunen kan søkje rentekompensasjonsmidler frå staten til slike prosjekt. Kommunen får då lån i Husbanken med 20 års nedbetalingstid, og staten dekkjer rentene gjennom ei særskilt kompensasjonsordning for kyrkjebygg.

Utbetring av kontortilhøva

Soknerådet har i fleire år vore merksam på behovet for oppgradering av kontortilhøva ved Kyrkjesenteret. Kontora har betydelege manglar i høve til dei krav som i dag vert stilt til slike lokaler, noko som gjer at ein i dag driv ulovleg. Mellom anna er dei ikkje tilgjengelege for rullestolbrukarar, luftkvaliteten er dårleg, romløysinga krev at ein må gjennom møterommet for å kome inn på to av kontora og fleire av kontora er ikkje tilstrekkeleg lydisolerte.

Ifølge Kyrkjelova § 15 er det kommunen som har ansvar for utgifter til kontorhald for tilsette i kyrkjeleg fellesråd.

Soknerådet har valt å behalde dagens kyrkjesenter og bygge nytt ved sidan av det eksisterande. Moglege spørsmål må avklarast før soknerådet kan gå vidare med planane.

Digital satsing

Soknerådet har ulike IT tiltak innafor den kyrkjelege drifta og gravplassdrifta. Dette skal bidra til å kvalitetssikre og forhåpentlegvis effektivisera drifta på sikt. Faste utgifter aukar noko. Det er naudsynt med programvare, opplæring og implementering. Krava som følger med GDPR (personvern) setter stadig nye krav til handtering av personopplysningar og systemar for dette. Sirdal sokn må følge offentlighetslova.

Utkast til finansiering:

Soknerådet, kontantar kr. 0,5 mill.

Kommunalt tilskott kr. 2,0 mill.

Ytterligere om lag kr. 1,0 mill. En ser for seg to alternativa: A) Soknerådet låner kr. 1,0 mill. med betalingsgaranti frå kommunen for leie. B) Kommunen yter tilskotet / tar opp lånet.

Kommunen betaler leie til fellesrådet for det som ligger til kommunen å finansiere jf. Kyrkjeloven §15.

Leien som pr. i dag er på ca. kr. 40.000 pr. år (ca. 90m²) prisreguleras. Et overslag på 150 m² med leige på

kr. 100.000 pr. år. Leiga må dekke renter og avdrag, samt vedlikehaldsutgifter som følger med bygget. Kommunen inngår en leieavtale med soknerådet om årlig leie. Leieinntektene skal dekke låneutgifter og noko vedlikehald, leien regulerast årleg. Ettersom årene går, aukar byggeprisene. Det betyr at ein får mindre og mindre for innvilga beløp.

Med denne løysningen vil ikkje kommunen ha vidare forpliktelser utover å bidra med et eingangsbeløp på 2 mill. samt å betale månadlege beløp til fellesrådet som de gjør i dag.

D. Mål for 2020-2023

- Få hensiktsmessige kontortilhøve for staben ved Kyrkjesenteret og besøkande i alle alder
- Oppfølging av vedlikehaldsplan frå 2011
- Montere vatningsanlegg på Kvævemoen og Haughom kyrkjegardar (utsatt)
- Videreutvikle lokal plan for trusopplæring i tråd med Stortingsvedtaket
- Vidareføre arbeidet med ENØK-tiltak i kyrkjene
- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt

E. Prioriteringar 2020

- Gå i gang med prosjektering og bygging av nytt kyrkjesenter
- Fullføre vedlikehald og måling av Tonstad kyrkje samt noko innvendig måling
- Utvide trappa i Lunde kyrkje. HMS tiltak og universell utforming
- Termofotografering av el-anlegg i kyrkjene, lagt inn for kvart fjerde år
- Kvævemoen kapell. Varevinduer i u.etg.
- Kvævemoen kapell. Prosjektor og lerret i kirkerommet
- Automatiske ringeanlegg i kyrkjer og kapell. HMS tiltak. Kan påføre varig heleskade viss ikkje noe vert gjort.
- Digital satsing, kvalitetsheving og videreføring av GDPR tiltak for personvern.

Se elles vedlikehald- og investeringsplan 2020-2023. VEDLEGG.

-

